

# Kvalitet i barnehagen

Det er like farleg for eit lite barn å falle ut av den <vaksne sine tankar som ut av den vaksne sine armar.

Donald Winnicott



God kvalitet i barnehagen handlar først og fremst om relasjonen mellom det enkelte barnet og dei vaksne og er kjenneteikna ved vaksne som:

- er engasjerte og varme i samspelet med barnet
- er sensitive overfor barnet sine uttrykk og følgjer det opp
- samtaler, lyttar og fortel
- er tydelege og set positive grenser for barnet

Eit godt og gjensidig tillitsfullt samarbeid mellom barnehagen og heimen er grunnleggjande for kvaliteten.